

ØRSTA KOMMUNE

Notat

Til : PLN
Frå : Gunnar Wangen
Kopi :
Sak : KARTLEGGING AV ELVEMUSLING

Saksnr./Arkivkode 00/02300 -	Løpenr. 011259/00	Stad ØRSTA	Dato 26.09.00
---------------------------------	----------------------	---------------	------------------

KARTLEGGING AV ELVEMUSLING I BONDALSELVA

Elva vert her oppe også kalla Vitjingselva i enkelte kjelder.

Elva har vore delvis undersøkt tidlegare, sjå rapport av 30. september 1993. Føremålet med denne synfaringa var å undersøkje nærmere kor langt ned i vassdraget der er ein bestand av elvemusling.

Synfaringa vart gjennomført ved at elva vart gått med vadebukse. Elvebotnen vart observert gjennom vasskikkert. Sjølv om elva er lita, er bestanden så pass tynn at ein lett kan oversjå enkeltindivid.


Det er tidlegare påvist elvemusling ned til startpunktet ved bruha der denne synfaringa starta. Det vart observert ei gruppe litt nedanfor bruha, og nokre enkeltindivid lenger nede. Det vart påvist eit grovt utslepp med silo med tilhøyrande groing i kanal frå jordbruksområde, sjå kart. Dette hadde medført massiv algevekst i heile elveløpet over ei lang strekning. Elva var vidare synleg påverka i ei lang strekning. Dersom det her har vore elvemusling er det sannsynleg at ureininga har slått den ut. Vidare nedover var nokre parti stille og lite eigna, men også parti med eigna botnsubstrat. Det vart ikkje påvist fleire elvemuslinger. Nytt siloutslepp vart påvist, sjå kart, der elvebotnen på nytt var overgrodd med algar, men ikkje i slett like stort omfang som det første. Likevel med tydeleg stor skadeverknad for elva.

Resultatet av synfaringa kan oppsummerast i at det var påvist elvemusling eit lite stykke vidare nedover elva, sjå kart. Jordbruksforeininga som var påvist er av eit slikt omfang at ein må forvente at ein evt. elvemuslingbestand kan ha blitt slått ut frå dette punktet og eit godt stykke vidare. Fleire parti av elva nedover har eigna leveområde, og ved ei opprydding i forereiningstilstanden kan det vere mogleg med ei reetablering av elvemusling. Dette vil i så fall kunne ta lang tid. Det er grunn til å ta særleg omsyn for å verne om elvemiljøet også på den strekninga der elvemuslingen i dag ikkje er påvist slik at reetablering i framtida kan vere mogleg.


Gunnar Wangen
miljøvernleiar

Vedlegg: Kart dat. 26.09.00

Feltarbeid Bondalselva 22. september 2000



**Slutt
synfaring
22.09.00**

**Ca. elve-
strekning
med påvist
elvemusling**